



Nordhordland Ingeniør & Byggmesterforretning AS

Myksvoll

5912 SEIM

Dykkar ref. Sakshandsamar:
byggjesaksvakta

Vår ref. Telefon
2011/2249 - 0 - 5637 5100
26789/2011

Arkivkode: Dato:
196/141 03.11.2011

FØREBELS MELDING OM MOTTEKEN BYGGJESAK. FVL § 11.

Kommunen har motteke din søknad.

Her vert det gjort greie for lovpålagte tidsfristar og generell sakshandsaming for byggjesaker.

Kommunen sine tidsfristar

Plan- og bygningslova har sett fristar for kor lang tid kommunen kan bruka på å gje svar på ein del søknadstypar. Hovudregelen er at kommunen må følgja fristane, likevel slik at ny frist skal setjast dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tid det eventuelt tar ansvarlig søkjar/ tiltakshavar å komplettere saka må derfor leggast til den venta sakshandsamingstida.

Sakstype	Vilkår	Frist
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett		12 veker
§ 20-2 Søknad utan ansvarsrett		12 veker
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett § 20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Dersom vilkåra for 3 vekers sakshandsaming er til stades Jf. PBL §21-7	3 veker
§20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Der søknaden krev dispensasjon frå gjeldande arealplan	Ingen lovpålagt frist
Igangsettingsløyve		3 veker
Ferdigattest	Naudsynt dokumentasjon	3 veker
Mellombels bruksløyve		3 veker
Klage (kommunen sin oversending)		8 veker
Klage med utsett verknad (fylkesmannen si avgjerd)		6 veker

Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad, vert denne tida lagt til ovannemnde fristar.

Sakshandsaming i kommunen:

Kommunen vil gå gjennom dei innkomne dokumenta. Er saka fullstendig, vert det gjort vedtak. Dersom dokumenta har manglar, vert ansvarleg søkjar / tiltakshavar tilskriven om dette. Er saka så mangelfull at ho ikkje kan supplerast og handsamast, vert ho returnert.



